




siste brevet

autentiske brev
frå dødsdømde
i siste verdenskrigen.



**bikuben-det norske teatret
i abc-teatret**

Var det fåfengt?

av Sigurd Evensmo


«Om så heile himmelen var papir og alle hav blekk, kunne eg likevel ikkje skildra korleis eg lid og alt det eg ser ikring meg no . . . eg veit at eg ikkje kjem levande herifrå. No seier eg dykk: Lev vel, kjære mamma, kjære pappa, kjære sysken, og eg græt . . .»

Dette er dei siste orda ein polsk bondegut skreiv til sine nærmaste få dagar før han vart henretta. Siste brevet hans er berre eitt av dei 12 i denne framsyninga, der mest alle dei dødsdømde skriv til sine nærmaste. Dermed speglar breva att eit mangfelde av intime og djupt gripande menneskelege tilhøve — til dømes har Hilde Coppi i Tyskland fødd eit barn i fengslet og får leva så lenge ho gjev det bryst — så blir ho hengd. Utan unnatak, utan omsyn til personlege særhøve gjeld det at i ettermiddag, i natt, i morgon tidleg ventar kulene, reipet eller øksa.

Kan det vera til å halde ut å lesa ei slik bok? Må ikkje kvar einaste lesar bli pressa ned i det djupaste mørkret?

Ingen kan svara for alle på dette spørsmålet, men sjølv synest eg at det står eit ljøs beint gjennom mørkret frå denne boka, som frå inga onnor eg har lese sidan 1945. Ho smertar, men det kjem ikkje så mykje av dei lidingar vi les om, som dei dødsdømde si tru på at dei ved å ofre livet har vore med på å tryggje ei lukkeleg framtid for alle menneska. Framfor alt er det dette lesaren skal igjennom: Denne usvikelege vissa, samstundes som kvar og ein av oss heile tida må tenkje på røyndomen som kom i staden for draumen. Konfrontasjonen mellom dei siste, lysande framtidssyn hos desse dødsdømde — og dagsens verd vippande på kanten av ein

tredje, altutslettande storkrig, ber i seg den verkeleg store prøving. Og då står vi overfor den røyndom at døden kan kjennast som fullføringa av eit livsverk, jamvel når den som skal avrettast er ein tenåring. Utan i det heile å ha nådd fram til vaksen, mogen utfolding i fred, har dei kjensla av å ha levt eit liv til siste rest, og somme skreiv si avskil med ein smilande visdom som samstundes verkar uendeleg gammal og ung. For nettopp i den ytste einsemd i cella kan dei dømde kjenne seg eitt med menneska og alt liv, som knapt nokon vanlege menneske gjer det i eit normalt tilvære. Viktig for somme er medvitet om at dei har «utretta» noko.



Var det fåfengt?

Det mest einfelde svaret er visst at dei dødsdømde frå krigsåra har gjeve ein evig stimulans til kamp for fridomen, kva vi enn legg i dette omgrepet. Såleis var døden deira ikkje fåfengt. Men om vi let dei

dødsdømde sjølve setja fram dette spørsmålet? Til dømes vår eigen Asle Helland Grepp: «Trøysten min er at utviklinga og livet går vidare — at andre vil taka opp tankane mine og føra dei fram, betre enn eg sjølv kunne gjort det.»

Svaret blir forma frå dag til dag av alle folk, og ansvaret har vorte tyngre enn før. Dei menneska vi møter, stridde og døydde for at livet skulle bli lukkellegare. I dag gjeld striden om livet på jorda i det heile **skal halde fram** — det vere godt eller vondt. Gjennom desse sine siste brev held dei døde fram å strida midt imellom oss, for at vi skal få leva.

Dei kom saman til vegs ende, sjøgutten og verksmeisteren, den gamle bonden i Jugoslavia og gymnasias-ten i Paris, rojalisten i Nederland og kommunisten i Italia, den kristne og ateisten. Og dei visste så sikkert at etter blodbadet i den andre verdskrigen skulle menneska ha lært nok til å skapa seg eit tryggare og betre liv enn nokon gong før. For denne trua hadde dei kjempa, og for den døydde dei.

Var det fåfengt?

På hovudscenen

spelar Det Norske Teatret no Henrik Ibsens «Vildanden» i Tormod Skagestads regi og Arne Walentins dekor og kostyme. «Særpreget, gripende, betagende» er karakteristikken av framsyninga, der hovudrollene blir spela av Claes Gill, Pål Skjønberg, Lars Tvinde, Espen Skjønberg, Mona Hofland og Unni Evjen.

I Bikuben

kjem «Siste brevet» til å alternere med Georg Johannesens «Kassadra» som no blir teke opp att på spellplanen. I mars gjev Bikuben — Det Norske Teatret to nye urpremièrar på norsk dramatik. Stian Sør- lie debuterer først i månaden, og seinare kjem Sigbjørn Hølmбакks «Heltedød til salgs» opp.

b15g 148596

siste brevet

autentiske brev frå dødsdømde i siste verdenskrigen.

samla av Sigurd Evensmo
til nynorsk ved Halldis Moren Vesaas

- | | |
|----------------------|----------------------------------|
| HILDE COPPI | sekretær,
tysk |
| RUDOLF FISCHER | verksmeister
frå Austerrike |
| WILLEM ROBERT DOUMA | kommunefunksjonær
frå Holland |
| MARIE KUDERIKOVA | tsjekkisk
fabrikkarbeidar |
| KIM MALTHE-BRUUN | dansk
matros |
| ERIKA VON BROCKDORFF | tysk
sosialkurator |
| DOMENICO CANE | dekoratør
frå Italia |
| ILIAS KANARIS | gresk
underoffiser |
| DIMITRA TSATSU | friserdame,
gresk |
| UKJEND JØDINNE | polsk |
| ASLE HELLAND GREPP | norsk medisinsk
student |

forteljaren: Michaëla Spadow
fridomssongar: Michaëla Spadow
dei som les breva:

Gudrun Waadeland,
Torbjørn Halvorsen, Tom Tellefsen,
Monna Tandberg, Nils Ole Oftebro,
Inger Heldal, Erik Øksnes,
Ivar Nørve, Eva Solbakken,
Anita Rummelhoff, Rolf Arly Lund.

Siri Rom les fridomssongane i
omsetjing av Ivar Eskeland

tilrettelegging: Dagmar Myhrvold

